



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Kommunestyret
Møtedato:	09.04.2026
Møtetid:	15:00 - -19:45
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Frank Erik Øksnes	medlem	U	
Morten Sognnes	ordfører	H	
Hege Ramsland	medlem	H	
Aslak André Bakke	medlem	H	
Kristoffer Myklebusthaug	medlem	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Terje Håland	medlem	AP	
Monika Thorpe	medlem	AP	
Anette Kaland	medlem	AP	
Kristian Semmingsen Lerøy	medlem	AP	
Renee Hansen Semmingsen	medlem	SAM	
Ingeborg Lohne Hordvik	medlem	SAM	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	
Reidar Øksnes	medlem	SP	
Gro Kaland	medlem	SP	
Oskar Nordgard	medlem	H	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Britt Mary Skaalevik Lerøy	kommunedirektør
Asbjørn Nagell Toft	plansjef
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 10/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 9. april 2026	
PS 11/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå 19. februar 2026	
PS 12/2026	Referatsaker til kommunestyremøtet 9. april 2026	
RS 5/2026	Austrheim kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet 18.02.2026	
RS 6/2026	Møteutskrift sak 06/26 Årsmelding Austrheim kontrollutval 2026	
RS 7/2026	Austrheim kommune - budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029 (Statsforvaltar si godkjenning)	
RS 8/2026	Gjeldsrapport per 28. februar 2026	
RS 9/2026	Årsmelding Region Nordhordland IKS - oppvekstsektoren	
RS 10/2026	Møteprotokoll frå Eldrerådet 14. januar 2026	
RS 11/2026	Møteprotokoll frå Eldrerådet 10. mars 2026	
RS 12/2026	Årsmelding for Eldrerådet i Austrheim 2025	
RS 13/2026	Møteprotokoll frå RMNF 14. januar 2026	
RS 14/2026	Møteprotokoll frå RMNF 11. mars 2026	
RS 15/2026	Årsmelding 2025 - Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	
RS 16/2026	Møteprotokoll Levekårsutvalet 19. februar 2026	
PS 13/2026	Godkjenning - Smittevernplan Austrheim kommune 2025 - 2030	
PS 14/2026	Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 9. april 2026	

PS 15/2026	Utgreiing om Austrheim kommune skal overta eigarskapen på eigedommar i strandsona i Mastrevikane
PS 16/2026	Økonomirapportering februar 2026
PS 17/2026	Fonnes molokai – vurdering av drift og innkreving i samarbeid med Bergen Havn IKS
PS 18/2026	Kanserdalen - Ombygging av kjellar til hjelpemiddellager
PS 19/2026	Finansiering av trafikkisikringstiltak på fv. 565 Skotneset/Kvalvågen
PS 20/2026	Solend - Førland VA utbygging (Del 2)
PS 21/2026	Utviding av IKTNH med tre nye kommunar: Etne, Tysnes og Vindafjord, og endring av selskapsavtalen
PS 22/2026	Oppretting av Regionrådet Nordhordland IPR
PS 23/2026	Ny rammeplan for kulturskulen - Kulturskule for alle
PS 24/2026	TV-aksjonen 2026 - oppretting av kommunekomiteé
PS 25/2026	Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet

PS 10/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 9. april 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

Sak 10/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 9. april 2026
Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes ba kommunestyret om å delta i eitt minutts stillheit for å markera bortgangen til Jorund Stellberg (02.12.1951 - 31.03.2026). Stellberg var i fleire periodar engasjert som folkevald i Austrheim.

I dette møtet møtte Kristian Semmingsen Lerøy (Ap) for Reidar Ulvøy (Ap), Ulvøy har permisjon frå kommunestyret ut juni 2026, og Lerøy møter for han i denne perioden.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 10/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste - kommunestyret 9. april 2026
Kommunestyret - 09.04.2026

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 11/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 19. februar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå 19. februar 2026 vert godkjent.

Sak 11/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 19. februar 2026

Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 11/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 19. februar 2026

Kommunestyret - 09.04.2026

Møteprotokollen frå 19. februar 2026 vart godkjent.

PS 12/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 9. april 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert teke til vitande.

Sak 12/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 9. april 2026

Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 12/2026 Referatsaker til kommunestyremøtet 9. april 2026
Kommunestyret - 09.04.2026

Referatsakene vart teke til vitande.

RS 5/2026 Austrheim kontrollutval - Møteprotokoll frå møtet
18.02.2026

RS 6/2026 Møteutskrift sak 06/26 Årsmelding Austrheim kontrollutval
2026

RS 7/2026 Austrheim kommune - budsjett 2026 og økonomiplan
2026-2029 (Statsforvaltar si godkjenning)

RS 8/2026 Gjeldsrapport per 28. februar 2026

RS 9/2026 Årsmelding Region Nordhordland IKS - oppvekstsektoren

RS 10/2026 Møteprotokoll frå Eldrerådet 14. januar 2026

RS 11/2026 Møteprotokoll frå Eldrerådet 10. mars 2026

RS 12/2026 Årsmelding for Eldrerådet i Austrheim 2025

RS 13/2026 Møteprotokoll frå RMNF 14. januar 2026

RS 14/2026 Møteprotokoll frå RMNF 11. mars 2026

RS 15/2026 Årsmelding 2025 - Råd for menneske med nedsett
funksjonsevne

RS 16/2026 Møteprotokoll Levekårsutvalet 19. februar 2026

PS 13/2026 Godkjenning - Smittevernplan Austrheim kommune 2025
- 2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar Smittevernplan 2025 - 2030 slik den ligg føre.

Sak 13/2026 Godkjenning - Smittevernplan Austrheim kommune 2025 - 2030
Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Kommuneoverlege Ellen Nygårdsmoen Kjelstrup Mejer presenterte saka, jamfør saksutgreiinga. Sjå også presentasjon som ligg ved i saka.

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 13/2026 Godkjenning - Smittevernplan Austrheim kommune 2025 - 2030
Kommunestyret - 09.04.2026

Kommunestyret vedtar Smittevernplan 2025 - 2030 slik den ligg føre.

PS 14/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret
9. april 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

Sak 14/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 9. april 2026
Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Gjester i kommunestyret 9. april:

- Kommuneoverlege Ellen Nygårdsmoen Kjelstrup Mejer orienterte om arbeidet sitt, herunder Smittevernplanen. (Presentasjonen ligg ved sak 14/2026 - Orienteringar frå kommunedirektøren, og i sak 13/2026 - Godkjenning -

Smittevernplan Austrheim kommune 2025 - 2030)

- Status kjernekraft, ved Susanne Møgster Sperrevik frå Norsk Kjernekraft / Fensfjorden Kjernekraft. (Presentasjonen ligg ved sak 14/2026 - Orienteringar frå kommunedirektøren)
 - Reidar Øksnes (Sp) spurte kva kommunen gjer vidare i denne saka, skal ein til dømes låsa av arealet som er tiltenkt kjernekraft, når kan ein venta seg inntekter til kommunen, kva trengs av forpliktande avtalar med forbrukarar av straum og varme frå eit slik kjernekraftverk, kva er ev. dato for Austrheim å leggja vekk dette?
 - Susanne Møgster Sperrevik svara at for avtalar om bruk av straum er det både eksisterande bedrifter og eventuelle nyetableringa ein kan retta seg inn mot. Ein ønskjer å gå i gang med konsekvensutgreiingsprogrammet for Fensfjorden kjernekraft, basert på det arbeidet som vert gjort for Aure og Heim kommunar.
 - Per Lerøy (Ap) spurte om korleis konsekvensutgreiinga for Fensfjorden Kjernekraft skal finansierast, trengs det kapital frå eigarane av selskapet?
 - Susanne Møgster Sperrevik svara at det ikkje er naudsynt med auka finansiering for denne konsekvensutgreiinga. Kan dra vekslar på arbeid selskapet skjer andre stader, slik at det vil gå noko tid før ein treng å henta inn meir kapital.
- Magnus Bergesen, Boligsenteret og Roald Valestrand, Coop eigedom, presenterte moglegheiter i samband med ei utbygging av Mastrevik Torg med ein kombinasjon av butikkareal og omsorgsleilegheiter, med meir. (Presentasjonen ligg ved sak 14/2026 - Orienteringar frå kommunedirektøren)
 - Per Lerøy (Ap) takka for presentasjonen, og sa at det var bra at Coop Hordaland no har overteke Coop-butikken. Ser bra ut med etablering av 20 omsorgsbustader, og 18 leilegheiter med tilvisingsrett der kommunen kan fordela inntil 40 prosent av leilegheitene til leigetakarar innan ulike grupper. Avklara at omsorgsbustadene er i kategorien "omsorg pluss".
 - Magnus Bergesen sa at Boligsenteret og Coop saman har kapasitet til å gjera dette, men dei folkevalde må ta eigarskap til prosjektet.
 - Monika Thorpe (Ap) spurte om kva som skjer med dei butikkane som er i senteret i dag, utanom Coop Xtra. Vil det vera leveleg for desse butikkane?
 - Roald Valestrand frå Coop svara Thorpe at det er mogleg å ta ein del 2 av prosjektet der ein kan bygga eit næringsbygg med leigeprisar tilsvarande i dag, for butikkar. Det som kostar er næringsbygg med bustader.

- Per Lerøy (Ap) ba om at kommunedirektøren avklarer kva husleigeprisen vert for dei som skal bu i omsorg pluss-leilegheiter, med tanke på om det er naudsynt med kommunal subsidiering og kva dette betyr for den kommunale aktiviteten.
- Renee Semmingsen (Sam) etterlyste at dei medlemmene som var sette opp i eit utval som skulle jobba med utvikling av Mastrevik Torg, vert involverte.
- Aslak Bakke (H) spurte om det er tilstrekkeleg attraktivt i dette området for å få folk til å flytta inn i desse leilegheitene.
- Per Lerøy (Ap) spurte om kommunestyret ikkje bør gjera vedtak i dag om at ein ønskjer eit tilbod frå Boligsenteret/Coop.
- Magnus Helgesen sa om kostnad at dei 18 leilegheitene ikkje har kostnad for kommunen. For omsorgsbustadene vert dei i hovudsak betalt av dei som bur der, det skal ikkje vera ein stor kostnad for kommunen. I snitt i landet kostar det 12.000 - 16.000 i månadsleige, der den som bur der i snitt dekkar 11.- 12.000 kroner. For dei fellesareala som kommunen skal leiga betyr støtta frå Husbanken at leigeprisen er 45-50 prosent lågare enn marknadspris.
- Morten Sognnes (H) viste til at kommunen har bedt Allstad om å komma med pris på omsorgsbustader, og at ein ikkje kan binda seg til andre før begge har levert pris. Allstad skal ha pris klar til juni-møtet i kommunestyret.
- Per Lerøy (Ap) presiserte at det ikkje var hans meining å binda seg til Boligsenteret/Coop, men at ein ber om å få på plass prisar slik at det kan samanliknast med andre tilbydarar.
- Magnus Helgesen svara på Lerøy og Morten Sognnes sine spørsmål og sa at dei kan komma til kommunestyret i juni med tilbod og pris på prosjektet. Vidare sa Helgesen at løysinga med eit nybygg gjer det mogleg å bygga der først, så flytta over dei som skal flytta, og deretter riva noko og rehabilitera noko av dagens butikkareal med ein enklare konstruksjon for å kunna tilby til butikkar, men også med moglegheiter for ambulansestasjon og hjelpemiddelsentral.
- Reidar Øksnes (Sp) oppfordra til at ein tar seg den tida ein treng, for å involvera økonomi og andre, for å ta omsyn til både kommunen sin økonomiske situasjon og dei regelverk som gjeld for dette. Må få ei skikkeleg kartlegging av både økonomi og behov.
- Roald Valestrand viste til at Husbanken sitt tilbod som gjev støtte her varer i perioden 2024-2028, så det er innanfor denne perioden ein må få det til.
- Magnus Helgesen sa at det er fullt mogleg for kommunestyret å få ei synfaring på Frekhaug med det prosjektet som Boligsenteret/Coop har realisert der.

- Morten Sognnes (H) oppsummerte med at ein er positiv, med at ein ber om pris til juni.
- Spørjetimen (Spørsmål og svar ligg ved sak 14/2026 - Orienteringar frå kommunedirektøren)
 - Spørsmål frå Arbeidarpartiet, framsett av Per Lerøy (Ap): Kva er status på Allstad-prosjektet?
 - Ordførar Morten Sognnes (H) svara: Etter kommunestyret si handsaming i desember 2025 har administrasjonen arbeidd vidare med Allstad Eigedom om mogleg etablering av omsorgsbustader med heildøgns omsorg i Austrheim, primært ved Mastrevik torg.

Det har sidan vore vidare arbeid med skisser og løysingar, og det har også vore dialog med Husbanken. Innspela som har kome, har gjort at skissene må justerast noko, og at det vert lagt opp til vidare brukarmedverknad i arbeidet.

Kommunedirektøren har no fått oppdaterte skisser til vurdering, og det er planlagt nytt møte med Allstad og arkitekt i april. I denne fasen vil det vere særleg fokus på logistikk og drift av tenestetilbodet i bygget. Difor vert tillitsvalde involverte som representantar for dei tilsette i denne delen av prosessen.

Når arbeidet har kome noko lenger og det ligg føre eit meir konkret forslag til løysing, vil det vere naturleg å ha ein gjennomgang også med representantar frå eldrerådet, og eventuelt RMNF.

Samtidig går det ein reguleringsprosess for å leggja til rette for omsorgsbustader på den aktuelle tomta.

Saka er framleis i ein plan- og avklaringsfase. Det ligg enno ikkje føre endeleg tilbod eller finansieringsmodell. Når dette er på plass, kjem saka tilbake til politisk handsaming.

- Spørsmål frå Arbeidarpartiet, framsett av Per Lerøy (Ap): Kommunen kjøpte før årsskiftet fleire regulerte eigedommar i Åråsvåg-området. Kva har kommunen gjort for å marknadsføra dei regulerte tomtane i dette området? Har kommunen ein plan for å selja tomtar i dette området?
- Ordførar Morten Sognnes (H) svara:
 1. Austrheim kommune vart eigar den 12.12.2025. (KS gjorde vedtak desember 2025)
 2. Åråsvågen velforening har i 2026 asfaltert 400 meter veg til avkøyringa ved Blodvika.

3. Deling av VA-areal med pumpestasjon er gjort i 2026.
4. Fjerning av kratt/sitkatre og vedhogst har byrja i 2026 (reduserer brannfaren og gjera området meir attraktivt)
5. Sal av areal til VA og pumpestasjon skal gjennomførast våren 2026.
6. Media har vorte informert og har skrive fint om bustadtomtane i 2026.
7. Framover vert det delt opp fleire mindre tomteområde her.
8. Rekkefølgekrav til fortau må takast i samband med oppgradering av VA langs nyasfaltet veg mot Blodvika mm. (budsjettsak).
9. Områdeløft av fortau, leikeplassar og veg må budsjetterast.

Asbjørn Toft (plansjef) presenterte kartskisser med meir som viser arealet (ligg ved i sak 14/2026 - Orienteringar frå kommunedirektøren).

- Morten Sognnes (H) viste til innspel som har komme om avkjøringa til Åråsfeltet. Plansjef Asbjørn Toft viste til at det er plan om å regulera dette arealet, med det gamle kommunehuset, bankbygget og bedehuset, der ein også vil sjå på trafikktryggleiken.
 - Morten Sognnes (H) spurte om rekkefølgekrav Vardeflaten . Asbjørn Toft svara at det ligg krav om fortau til kring 1,5 million kroner, det er mogleg å ta dette inn når ein sel arealet, prosjektet er mogleg å få til med rett utbyggjar.
 - Ingeborg Hordvik (Samlingslista) spurte om flytting av bom på gangstien frå Austrheimhallen ned til Mastrevik. Her svara kommunalsjef Bjarte Rosenlund at ein ikkje ønskjer å flytta bommen, den er viktig for å redusera farten på dei som sykklar med meir, men kan flytta den eine delen av saksebommen og asfaltera slik at det vert lettare å passera.
 - Ordførar Morten Sognnes (H) viste til orienteringa som formannskapet fekk om bompengar, dette vil ein ta opp i møtet i mai. Ser ikkje ut for at det vert noko av ut frå det som er gjeve av inntrykk så langt, men må diskutera det. Om det ikkje skal vera bompengar så må ein gjerne komma med moglege løysingar på korleis det skal finansierast.
- Orienteringssaker ved kommunedirektøren:
 - Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om bemanningskartlegging og omstilling, det var ID-møte i dag 9/4 og semje om den vidare prosessen
 - Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om Status avvik, jamfør vedlegg i saka.
 - Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om status prosjekt og investeringar.

- Kaland barnehage blir ferdig før sommaren med maling som det siste, innafor kostnadsramma.
- VA-Solend-Førland, ferdig innan nokre veker, kjem oppsummering av prosjektet.
- VA Kystlandsbyen, vert jobba med ny avtale med grunneigar, kjem til politisk handsaming.
- VA Kaland, håpar at ein ny løysing skal gjera det mogleg å handtera reinsing på Kaland-sida utan å måtta pumpa avlaupet over på Fønnes-sida og til Fensfjorden.
- Enøk- ikkje meir igjen i år i ramma, startar til hausten å sjå på 2027.
- Asfaltering. prisen på asfalt har auka 25 prosent siste vekene på grunn av auken i oljeprisen, ønskjer å venta med asfaltering til hausten for å sjå om prisen kan gå litt ned igjen. Ønskte å ta det før sommaren, slik kommunestyret har bedt om, men prisane gjer at ein tar dette seinare.

Ordførar Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 14/2026 Orienteringar frå kommunedirektøren - kommunestyret 9. april 2026

Kommunestyret - 09.04.2026

Kommunestyret tek orienteringane til vitande.

PS 15/2026 Utgreiing om Austrheim kommune skal overta eigarskapen på eigedommar i strandsona i Mastrevikane

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren rår til at Austrheim kommunen ikkje overtek eller tek ansvar for å opparbeida kaifronten framfor det tidlegare verftet i Mastrevikane.

Kommunen er positiv til ein ny vidaregåande skule i Mastrevikane, og ønskjer gjerne eit samarbeid med fylket for å få dette til. Det kan vera mogleg å gje eit kommunalt tilskot til opparbeiding av kaifront til VLFK. Grunngevinga for vedtaket finn ein elles i saksutgreiinga.

Sak 15/2026 Utgreiing om Austrheim kommune skal overta eigarskapen på eigedommar i strandsona i Mastrevikane
Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) viste til at det å sikra arealet for ålmenta er noko Toft tidlegare har gått inn for, og sa at det vil vera veldig positiv for kommunen om det kjem eit skulebygg på dette arealet. Lerøy ser ikkje at dette er nokon stor risiko for kommunen, både med tanke på dei atterhalda som er tatt, og med tanke på at fylket også sjølv har sett av pengar til ei opprydding på dette arealet. Uansett bør ein venta på endeleg rapport frå Multiconsult med kostnad for opprydding. Kommunen må spela korta sine rett for å få plassert skulen på den plassen som er best for dei neste 50 åra, og må då ta dei kostnadene som ligg i dette.

Asbjørn Toft presiserte at det er kommunedirektøren sitt framlegg. Det er OK å gje tilskot, men ikkje gå inn og ta ansvar for dette.

Aslak Bakke (H) viste til at framlegget frå formannskapet har teke ein del atterhald, synest dei dekkar dette godt. Det er samstundes klart at ein må halda nede risikoen for kommunen oppi dette.

Per Lerøy (Ap) viste til den siste diskusjonen med fylkeskommunen, og at det går meir på å tilrettelegga kaifronten, enn å bli eigar av arealet. Viktig at kommunen gjev signal no, for å komma i inngrep med Vestland fylkeskommune si handsaming av denne saka. Ei plassering her vil gjera dette til ein veldig attraktiv skule. La fram nytt framlegg til vedtak:

Ap, H og INP har følgjande framlegg til vedtak:

PS 15/26 opparbeidelse av fellesareal i reguleringsplanen på eigedommar i strandsona i Mastrevikane, vedrørende ny AVS.

- Austrheim kommune bekrefter om de opparbeider ny kaifront og arealene som er fellesareal i reguleringsplanen slik Vestland fylkeskommune har bedt om.

1. Dette er med atterhald om at Vestland fylkeskommune gjer vedtak om å byggja ny vidaregåande skule på verft-tomta.
2. Dette er med atterhald om at det ikkje er miljøgifter i grunnen som kommunen må ta kostnadane med å fjerna.
3. Det er ein føresetnad at ein i samband med overtakinga av kaifronten får avklart tidlegare klargjorte, men ikkje effektuerte avtalar med Mastrevik Eigedomsselskap AS om flytebrygga ut frå 142/215 og hurtigbåtkaien på 142/76, med tilhøyrande areal.
4. Forhandlingar vert gjennomført av folkevalde i formannskapet

Renee Semmingsen (Samlingslista) spurte om noverande eigar kan ta denne kostnaden om det er ein liten sum, og spurte om det er diskutert. Og kva om dette skal opprustast, og det ikkje endar i kommunal eige, er det rett. Semmingsen sa at det er bra om skulen kjem på slippet, men ikkje nok nedtur om den kjem på dagens tomt. Varsla at ho vil støtta kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Monika Thorpe (Ap) spurte om det er eit absolutt krav frå fylket at kommunen tek denne kostnaden. Vil gjerne ha ein ny skule på denne tomte, men ikkje nederlag om det kjem på dagens tomt. I den økonomiske situasjonen må ein prioritera, ta ansvar og gjera val, og ikkje berre seia at kommunedirektøren skal spara.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om det er ein sum for kva dette kan kosta, meir nøyaktig enn anslaget. Viste til at han har erfaring frå drifta av verftet sjølv, og sa at krava til handtering og utslepp var andre då enn no. Spurte om ein veit nok om konsekvensar og økonomi til at ein kan seia ja no. Varsla at Sp vil be om eit gruppemøte/gruppeleiarmøte før ein kjem til vedtak i denne saka.

Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig å tenka langsiktig, dette er løysing for 50 år framover. Når det gjeld ureining, så er det eit atterhald i vedtaket om dette. Viste til andre tilsvarande industristader i Bergen som er utvikla i nyare tid, utan opprydding. Sa at dette er støtta av fleirtalet i AP og H.

Det var pause i møte for gruppemøte og gruppeleiarmøte.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) konkluderte diskusjonen med at det står mellom kommunedirektøren sitt framlegg og vedtaket frå formannskapet. Er lov å vera usamde, både mellom partia og i partia. Sjølv vil Dyrkolbotn støtta formannskapet sitt framlegg.

Morten Sognnes (H) presiserte at det står mellom vedtaket frå formannskapet og kommunedirektøren. Framlegget frå Ap, H og INP er såleis trekt.

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegga til vedtak. Presiserte at dei som skal gjennomføra forhandlingane er Morten Sognnes, Per Lerøy og Aslak A. Bakke.

Handsaming i møtet:

Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart vedteke med 11 mot 6 røyster. Dei 6 som røysta mot var Frank Erik Øksnes (Uavhengig), Monika Thorpe (Ap), Renee Semmingsen og Ingeborg Hordvik (begge Samlingslista), Gro Kaland og Reidar Øksnes (begge Senterpartiet).

Dei som skal gjennomføra forhandlingane er Morten Sognnes, Per Lerøy og Aslak A. Bakke.

Vedtak i sak 15/2026 Utreiing om Austrheim kommune skal overta eigarskapen på eigedommar i strandsona i Mastrevikane
Kommunestyret - 09.04.2026

Austrheim kommunestyre går inn for å overta kaifronten framfor verftet i Mastrevikane, og opparbeida denne slik Vestland fylkeskommune har bedt om.

- Dette er med atterhald om at Vestland fylkeskommune gjer vedtak om å bygga ny vidaregåande skule på verft-tomta.
- Dette er med atterhald om at det ikkje er miljøgifter i grunnen som kommunen må ta kostnaden med å handtera.
- Det er ein føresetnad at ein i samband med overtakinga av kaifronten får avklart tidlegare klargjorte, men ikkje effektuerte avtalar med Mastrevik Eigedomsselskap AS om flytebrygga ut frå 142/215 og hurtigbåtkaien på 142/76, med tilhøyrande areal.
- Forhandlingar vert gjennomført av folkevalde i formannskapet. Dei som skal gjennomføra forhandlingane er Morten Sognnes, Per Lerøy og Aslak A. Bakke.

PS 16/2026 Økonomirapportering februar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar orienteringa til vitande

Sak 23/2026 Økonomirapportering februar 2026
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte, jamfør saksutgreiinga og jamfør referatsakene som gjeld økonomi (gjeldsrapportar og Statsforvaltar si godkjenning av budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029).

- Skatteinngangen i januar/februar 2026 er veldig god, mellom anna på grunn av ei omlegging til at ein får raskare overført til kommunen dei skatteinntektene som kommunen skal ha. I januar 2026 fekk kommunen betalt ut november/desember 2025, i februar 2026 kom skatteinntektene for januar 2026, medan i mars 2026 kjem skatteinntektene for februar 2026. Frå mars 2026 vil kommunen bli trekt i

rammetilskotet til inntektsutjamninga med andre kommunar med lågare skatteinntekter.

- Per Lerøy (Ap) sa at det var skuffande at sjukefråværet går opp etter at det har vore fokus på nærværprosjekt.
- Morten Sognnes (H) sa at einingsleiarane må ha fokus på dette med sjukefråvær, og dersom det skuldast arbeidsmiljø så må ein ta fatt i dette.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 23/2026 Økonomirapportering februar 2026

Formannskapet - 18.03.2026

Formannskapet tok orienteringa til vitande

Sak 16/2026 Økonomirapportering februar 2026

Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes gjekk gjennom saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 16/2026 Økonomirapportering februar 2026

Kommunestyret - 09.04.2026

Kommunestyret tok orienteringa til vitande.

PS 17/2026 Fønnes molokai – vurdering av drift og innkreving i samarbeid med Bergen Havn IKS

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune startar eit arbeid i dialog med Bergen Havn med mål om at Bergen Havn kan overta drift og vedlikehald av Fønnes molokai.

Dersom det ikkje let seg gjere å overføre drift og vedlikehald, vert det arbeidd vidare med ei løysing der Bergen Havn kan stå for innkreving av hamneavgifter knytt til bruk av kaia, der inntektene vert tilbakeført til Austrheim kommune og øymerkt vedlikehald av Fønnes molokai.

Sak 19/2026 Fønnes molokai – vurdering av drift og innkreving i samarbeid med Bergen Havn IKS

Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Formannskapet diskuterte kva som skjer med Bergen Hamn og ei eventuell lokalisering på Ågotnes i Øygarden, det var semje om at dette ikkje vil få konsekvensar for Austrheim.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 19/2026 Fønnes molokai – vurdering av drift og innkreving i samarbeid med Bergen Havn IKS

Formannskapet - 18.03.2026

Austrheim kommune startar eit arbeid i dialog med Bergen Havn med mål om at Bergen Havn kan overta drift og vedlikehald av Fonnes molokai.

Dersom det ikkje let seg gjere å overføre drift og vedlikehald, vert det arbeidd vidare med ei løysing der Bergen Havn kan stå for innkreving av hamneavgifter knytt til bruk av kaien, der inntektene vert tilbakeført til Austrheim kommune og øyremerkt vedlikehald av Fonnes molokai.

Sak 17/2026 Fonnes molokai – vurdering av drift og innkreving i samarbeid med Bergen Havn IKS
Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 17/2026 Fonnes molokai – vurdering av drift og innkreving i samarbeid med Bergen Havn IKS
Kommunestyret - 09.04.2026

Austrheim kommune startar eit arbeid i dialog med Bergen Havn med mål om at Bergen Havn kan overta drift og vedlikehald av Fonnes molokai.

Dersom det ikkje let seg gjere å overføre drift og vedlikehald, vert det arbeidd vidare med ei løysing der Bergen Havn kan stå for innkreving av hamneavgifter knytt til bruk av kaien, der inntektene vert tilbakeført til Austrheim kommune og øyremerkt vedlikehald av Fonnes molokai.

PS 18/2026 Kanserdalen - Ombygging av kjellar til hjelpemiddellager

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtek at hjelpemiddellageret vert etablert i kommunale lokale gjennom ombygging av kjellaretasjen i teknisk drift sine lokale i Kanserdalen.

- 2.Ombygginga vert gjennomført av teknisk drift med eigeninnsats innanfor ei kostnadsramme på om lag 1 mill. kr eks. mva.
- 3.Tiltaket vert finansiert innanfor driftsrammene og delvis gjennom omdisponering av midlar som i dag er avsett til leige av lokale.

Sak 20/2026 Kanserдалen - Ombygging av kjellar til hjelpemiddellager
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Finansieringa skal vera innanfor ramma, med omdisponering av det som blir betalt som husleige i dag.
- Hege Ramsland (H) spurte om kostnaden på ein million kroner, Britt Skaalevik Lerøy sa at det er eit estimat, og at det sjølvstyk er eit mål å bruka mindre.
- Per Lerøy (Ap) viste til at i denne kostnaden ligg det inne deling av lokalet med rein og skitten sone for reinhald av ulike hjelpemiddel.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 20/2026 Kanserдалen - Ombygging av kjellar til hjelpemiddellager
Formannskapet - 18.03.2026

1.Kommunestyret vedtek at hjelpemiddellageret vert etablert i kommunale lokale gjennom ombygging av kjellaretasjen i teknisk drift sine lokale i Kanserdalen.

2.Ombygginga vert gjennomført av teknisk drift med eigeninnsats innanfor ei kostnadsramme på om lag 1 mill. kr eks. mva.

3.Tiltaket vert finansiert innanfor driftsrammene og delvis gjennom omdisponering av midlar som i dag er avsett til leige av lokale.

Sak 18/2026 Kanserdalen - Ombygging av kjellar til hjelpemiddellager
Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 18/2026 Kanserdalen - Ombygging av kjellar til hjelpemiddellager
Kommunestyret - 09.04.2026

1. Kommunestyret vedtek at hjelpemiddellageret vert etablert i kommunale lokale gjennom ombygging av kjellaretasjen i teknisk drift sine lokale i Kanserdalen.
2. Ombygginga vert gjennomført av teknisk drift med eigeninnsats innanfor ei kostnadsramme på om lag 1 mill. kr eks. mva.
3. Tiltaket vert finansiert innanfor driftsrammene og delvis gjennom omdisponering av midlar som i dag er avsett til leige av lokale.

PS 19/2026 Finansiering av trafikksikringstiltak på fv. 565 Skotneset/Kvalvågen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommune tek imot tilskot på kr 200 000 frå Samferdselsdepartementet til fartsdempande tiltak på fv. 565 ved Skotneset og Kvalvågen.

For å sikre naudsynt eigenfinansiering vert det gjort følgjande omdisponering:

1. Det vert løyvd kr 200 000 i kommunal eigenfinansiering til prosjektet «Fartsdempande tiltak fv. 565 Skotneset/Kvalvågen».
2. Kr 134 000 vert omdisponert frå investeringsprosjekt for asfaltering av kommunale vegar.
3. Kr 66 000 vert finansiert frå kommunen sitt trafikksikringsfond.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med føresetnadene i tilsegnsbrevet frå Statens vegvesen.

Sak 21/2026 Finansiering av trafikksikringstiltak på fv. 565 Skotneset/Kvalvågen
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om finansiering frå fond, og viste til at det er sagt tidlegare at desse midlane ikkje kunne brukast til fartshumpar og andre fysiske tiltak.
- Hege Ramsland (H) spurte om prisen for desse fartshumpane, det var semje i formannskapet om at kommunen må jobba for å få gjennomført dette på rimelegaste måte.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 21/2026 Finansiering av trafikksikringstiltak på fv. 565 Skotneset/Kvalvågen
Formannskapet - 18.03.2026

Austrheim kommune tek imot tilskot på kr 200 000 frå Samferdselsdepartementet til fartsdempande tiltak på fv. 565 ved Skotneset og Kvalvågen.

For å sikre naudsynt eigenfinansiering vert det gjort følgjande omdisponering:

1. Det vert løyvd kr 200 000 i kommunal eigenfinansiering til prosjektet «Fartsdempande tiltak fv. 565 Skotneset/Kvalvågen».
2. Kr 134 000 vert omdisponert frå investeringsprosjekt for asfaltering av kommunale vegar.
3. Kr 66 000 vert finansiert frå kommunen sitt trafikksikringsfond.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med føresetnadene i tilsegnsbrevet frå Statens vegvesen.

Sak 19/2026 Finansiering av trafikksikringstiltak på fv. 565 Skotneset/Kvalvågen
Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Plansjef Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Meininga er å gå i gang ganske kjapt, og få gjort dette i løpet av året.

Per Lerøy (Ap) sa at dette er eit veldig bra tiltak, men synest at det er kostbart med 400.000 for to fartshumpar. Korleis vert dette løyst om ein får det til rimelegare?

Plansjef Asbjørn Toft sa at det kan verta kostbart med 400.000, men det er ganske mykje som skal til for å få gjort ein jobb på fylkesveg med regulering av trafikken, skilting med meir.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte om finansieringa, med omsyn til at ein fekk nei til å bruka dei same midlane til fartshumpar på Fonnes. Her svara Asbjørn Toft at dette er midlar som har stått ei stund, og det er i tråd med omsynet bak å bruka dei til dette.

Aslak Bakke (H) sa at det er ein skummel plass, der fartshumpar nok trengs. Samstundes, skjer det noko med den planlagde gang- og sykkelvegen? Her svara Morten Sognnes (H) at det ikkje er noko midlar å henta til dette frå fylket.

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 19/2026 Finansiering av trafikksikringstiltak på fv. 565 Skotneset/Kvalvågen
Kommunestyret - 09.04.2026

Austrheim kommune tek imot tilskot på kr 200 000 frå Samferdselsdepartementet til fartsdempande tiltak på fv. 565 ved Skotneset og Kvalvågen.

For å sikre naudsynt eigenfinansiering vert det gjort følgjande omdisponering:

1. Det vert løyvd kr 200 000 i kommunal eigenfinansiering til prosjektet «Fartsdempande tiltak fv. 565 Skotneset/Kvalvågen».
2. Kr 134 000 vert omdisponert frå investeringsprosjekt for asfaltering av kommunale vegar.
3. Kr 66 000 vert finansiert frå kommunen sitt trafikksikringsfond.

Tiltaket skal gjennomførast i samsvar med føresetnadene i tilsegnsbrevet frå Statens vegvesen.

PS 20/2026 Solend - Førland VA utbygging (Del 2)

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren vurderer at vidare utbygging av del 2 av Solend–Førland VA prosjekt ikkje er økonomisk forsvarleg på noverande tidspunkt.

Tal potensielle abonnentar er avgrensa, og erfaring frå første del av prosjektet viser låg tilkoplingsgrad. Samstundes står kommunen framfor fleire naudsynte investeringar i avløpsinfrastruktur som bør prioriterast.

Sak 22/2026 Solend - Førland VA utbygging (Del 2)

Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) spurte om 200 meter vatn og avlaup skal kosta 8,75 millionar kroner, om dette kan vera rett, og var kritisk til rapporten frå Sweco. Meiner vidare at det er feil at det ikkje er interesse for å kopla seg på nettet. Viste til at i starten på prosjektet var det var bedt om framføring av vatn til Førland. Dette kunne ein gjort med ein firtoms leidning, det ville vore nok til private og til brannvatn. Oppfordra til å gå i dialog med grunneigarane om å starta eit vasslag der kommunen går inn med anleggskostnader, og gjera det så rimeleg som mogleg med grøft over innmarka mot Førland.

Per Lerøy (Ap) gjekk inn for å avvisa prosjektet slik det ligg, men ønskjer å komma tilbake til saka når den kjem i kommunestyret, for å få fram vatn til Førland. Ber om om å framlagt kva kostnader som er brukt på Sweco i samband med denne saka.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) støtta Lerøy og sa at ein ønskjer å få fram vatn til Førland.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 22/2026 Solend - Førland VA utbygging (Del 2)

Formannskapet - 18.03.2026

Vidare utbygging av del 2 av Solend–Førland VA prosjekt er ikkje økonomisk forsvarleg på noverande tidspunkt.

Tal potensielle abonnentar er avgrensa, og erfaring frå første del av prosjektet viser låg tilkoplingsgrad. Samstundes står kommunen framfor fleire naudsynte investeringar i avløpsinfrastruktur som bør prioriterast.

Sak 20/2026 Solend - Førland VA utbygging (Del 2)

Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Det vart presisert at dersom kommunen skal få ut dei siste 900.000 kroner frå fylket, må kommunen bygga ut gatelys også langs det siste strekket. Det skal ikkje vera den største kostnaden, skal få fram ei sak på dette. Må gjennomførast i løpet av 2026 for å halda nede kostnadene.

Når det gjeld kostnad til konsulenthjelp frå Sweco er det brukt 370.000 kroner til dette.

Per Lerøy sa seg samd i at ein ikkje kan støtta ei vidare utbygging, slik det er utrekna frå Sweco. Har eige framlegg, som rett nok er laga før dette med kravet om gatelys langs det siste strekket kom fram. La fram eige framlegg til vedtak.

Kommunalsjef Bjarte Rosenlund takka for innspel. La til at dersom ein først legg ned vassleidning, så bør den dimensjonerast for ein framtidig ringleidning. Rosenlund sa at administrasjonen gjerne kan ta med seg innspela frå kommunestyret og komma tilbake med ei sak til politisk seinare.

Forslagsstillar Per Lerøy (Ap) sa at det er OK å komma tilbake med ei ny sak.

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak, med tillegg: Administrasjonen kjem tilbake med ei ny sak om framføring av VA til Førland til ein lågare kostnad.

Vedtak i sak 20/2026 Solend - Førland VA utbygging (Del 2)

Kommunestyret - 09.04.2026

Kommunedirektøren vurderer at vidare utbygging av del 2 av Solend–Førland VA prosjekt ikkje er økonomisk forsvarleg på noverande tidspunkt.

Tal potensielle abonnentar er avgrensa, og erfaring frå første del av prosjektet viser låg tilkoplingsgrad. Samstundes står kommunen framfor fleire naudsynte investeringar i avløpsinfrastruktur som bør prioriterast.

Administrasjonen kjem tilbake med ei ny sak om framføring av VA til Førland til ein lågare kostnad.

PS 21/2026 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar: Etne, Tysnes og Vindafjord, og endring av selskapsavtalen

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Austrheim kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane, Etne, Tysnes og Vindafjord.
2. Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

Sak 25/2026 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar: Etne, Tysnes og Vindafjord, og endring av selskapsavtalen

Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Er sett ned ei arbeidsgruppe som skal sjå vidare på kor mange kommunar IKT NH kan klara å handtera, utover dagens medlemmer og dei tre som no skal inn (Etne, Tysnes og Vindafjord)

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 25/2026 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar: Etne, Tysnes og Vindafjord, og endring av selskapsavtalen

Formannskapet - 18.03.2026

1. Austrheim kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane Etne, Tysnes og Vindafjord.
2. Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

Sak 21/2026 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar: Etne, Tysnes og Vindafjord, og endring av selskapsavtalen
Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 21/2026 Utviding av IKTNH med tre nye kommunar: Etne, Tysnes og Vindafjord, og endring av selskapsavtalen
Kommunestyret - 09.04.2026

1. Austrheim kommune vedtar at IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap vert utvida med kommunane Etne, Tysnes og Vindafjord.
2. Austrheim kommune vedtar samarbeidsavtalen for IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefellesskap slik den ligg føre.

PS 22/2026 Oppretting av Regionrådet Nordhordland IPR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar at verksemda til Regionrådet Nordhordland vert regulert som eit interkommunalt politisk råd (IPR), jamfør kommunelova, kapittel 18.
2. Kommunestyret vedtek «Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR» slik den ligg føre.

Sak 26/2026 Oppretting av Regionrådet Nordhordland IPR
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 26/2026 Oppretting av Regionrådet Nordhordland IPR

Formannskapet - 18.03.2026

1. Kommunestyret vedtar at verksemda til Regionrådet Nordhordland vert regulert som eit interkommunalt politisk råd (IPR), jamfør kommunelova, kapittel 18.
2. Kommunestyret vedtek «Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR» slik den ligg føre.

Sak 22/2026 Oppretting av Regionrådet Nordhordland IPR

Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 22/2026 Oppretting av Regionrådet Nordhordland IPR

Kommunestyret - 09.04.2026

1. Kommunestyret vedtar at verksemda til Regionrådet Nordhordland vert regulert som eit interkommunalt politisk råd (IPR), jamfør kommunelova, kapittel 18.
2. Kommunestyret vedtek «Samarbeidsavtale for Regionrådet Nordhordland IPR» slik den ligg føre.

PS 23/2026 Ny rammeplan for kulturskolen - Kulturskule for alle

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek den nye nasjonale rammeplanen for kulturskolen («Kulturskole for alle», 2025) som lokalt styringsdokument for Austrheim kommune

Sak 4/2026 Ny rammeplan for kulturskolen - Kulturskule for alle
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Utvalsleiar Terje Håland orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Fleire av medlemmene i utvalet viste til at kulturskolen er eit veldig godt tilbod for mange, og er i ei veldig god utvikling vidare.

Utvalsleiar Terje Håland refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

(Oscar Føyen var ikkje tilstades under vedtak av denne saka)

Vedtak i sak 4/2026 Ny rammeplan for kulturskolen - Kulturskule for alle
Levekårsutvalet - 19.02.2026

Kommunestyret vedtek den nye nasjonale rammeplanen for kulturskolen («Kulturskole for alle», 2025) som lokalt styringsdokument for Austrheim kommune.

Sak 23/2026 Ny rammeplan for kulturskolen - Kulturskule for alle
Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for Levekårsutvalet sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 23/2026 Ny rammeplan for kulturskulen - Kulturskule for alle
Kommunestyret - 09.04.2026

Kommunestyret vedtek den nye nasjonale rammeplanen for kulturskulen («Kulturskole for alle», 2025) som lokalt styringsdokument for Austrheim kommune.

PS 24/2026 TV-aksjonen 2026 - oppretting av kommunekomiteé

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomiteé for TV-aksjonen 2026:

- Leiar: Ordførar Morten Sognnes
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Medlemmene elles i komiteen kan gjerne rekrutterast frå ulike lag og organisasjonar, samt Ungdomsrådet.

Kommunedirektøren får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen.

Austrheim vil i 2026 gjennomføra TV-aksjonen primært som ein digital aksjon.

Austrheim kommune løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2026.

Kostnaden blir dekkja frå post **1490380001902**

Sak 24/2026 TV-aksjonen 2026 - oppretting av kommunekomiteé
Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 24/2026 TV-aksjonen 2026 - oppretting av kommunekomité

Kommunestyret - 09.04.2026

Kommunestyret i Austrheim vel følgjande kommunekomité for TV-aksjonen 2026:

- Leiar: Ordførar Morten Sognnes
- Sekretær: Rigmor Ludvigsen
- Medlemmene elles i komiteen kan gjerne rekrutterast frå ulike lag og organisasjonar, samt Ungdomsrådet.

Kommunedirektøren får mynde til å erstatta eller leggja til medlemmer i komiteen for TV-aksjonen. Austrheim vil i 2026 gjennomføra TV-aksjonen primært som ein digital aksjon.

Austrheim kommune løyver 30.000 kroner til TV-aksjonen 2026.

Kostnaden blir dekkja frå post **1490380001902**

PS 25/2026 Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonsutvalet blir ut perioden organisert som no, med formannskapet sine fem medlemmer og to frå arbeidstakarorganisasjonane.

Sak 5/2026 Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet

Administrasjonsutvalet - 19.02.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Per Lerøy (Ap) sa at han var samd i å la dette venta til neste periode, men at ein då må vera sikker på at det vert velt eit administrasjonsutval som er i tråd med reglementet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 5/2026 Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet
Administrasjonsutvalet - 19.02.2026

Administrasjonsutvalet blir ut perioden organisert som no, med formannskapet sine fem medlemmer og to frå arbeidstakarorganisasjonane.

Sak 27/2026 Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet
Formannskapet - 18.03.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Per Lerøy (Ap) sa at han går inn for å halda på dagens faktiske organisering ut perioden.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i formannskapet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vedtak i sak 27/2026 Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet
Formannskapet - 18.03.2026

Administrasjonsutvalet blir ut perioden organisert som no, med formannskapet sine fem medlemmer og to frå arbeidstakarorganisasjonane.

Sak 25/2026 Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet
Kommunestyret - 09.04.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Ketil Tjore orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ingeborg Lohne Hordvik (Samlingslista), la fram eige framlegg på vegner av Samlingslista:
Administrasjonsutvalet blir ut perioden organisert i samsvar med gjeldande politisk reglement, dvs. med 4 frå formannskapet og 3 frå arbeidstakarorganisasjonane.

Kommunestyret skal i komande kommunestyremøte etter innstilling frå valnemnda gjera omval til utvalet.

--

Det var pause i møte for gruppemøte.

--

Administrasjonen orienterte om at det med fleirtal for Samlingslista sitt framlegg til vedtak blir sendt brev til Fagforbundet om å melda inn ein kandidat med vara, medan valutvalet må meina noko om kva medlem i formannskapet som skal ut. Saka kjem opp igjen i kommunestyret 12. mai.

Ordførar Morten Sognnes (H) presenterte framlegget til vedtak.

Handsaming i møtet:

Samrøystes for Samlingslista sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 25/2026 Administrasjonsutvalet - forskjell mellom reglement og realitet
Kommunestyret - 09.04.2026

Administrasjonsutvalet blir ut perioden organisert i samsvar med gjeldande politisk reglement, dvs. med 4 frå formannskapet og 3 frå arbeidstakarorganisasjonane.

Kommunestyret skal i komande kommunestyremøte etter innstilling frå valnemnda gjera omval til utvalet.